



Bygdeutvikling

Suldal kommune

NORGES VASSDRAGS- OG
ENERGIDIREKTORAT (NVE)
Postboks 5091 Majorstua
0301 OSLO

Dato: 24.03.2023
Arkivkode: K2-K69
Dykkar ref.
Vår ref. 09/1664-50
23/7561
Ole Martin Dahle

HØYRING AV SØKNAD OM AVVIK FRÅ MANØVRERINGSREGLEMENTET FOR SULDALSLÅGEN- FRÅSEGN.

Suldal kommune viser til skriv frå NVE dagsett 27.02.2023.

Kommunen er positiv til ripping som vil betre tilhøva for laksen og sjøauren i Suldalslågen. Det er viktig at tidspunkt og vassføring er tilpassa ei effektiv gjennomføring av tiltaket og omsynet til laksen og sjøauren i elva.

Dei ytre rammene for tiltaket er bestemt i vedtak frå Statsforvaltaren i Rogaland frå 2021 der tidsvindauget for gjennomføringa er sett til perioden 1.juli til 30. september.

Kommunen viser til at Suldalslågen er ei viktig fiskeelv og har stor betydning for næringslivet og reiselivet i kommunen. Dersom det er fiskefagleg grunnlag for det, meiner kommunen at ein også må ta omsyn til desse interessene. Spesielt gjeld dette anleggsstart 15. juli som vil kome i konflikt med starten av fiskesesongen.

Kommunen ber om det blir vurdert oppstart av rippinga i første halvdel av juli med utgangspunkt i framlagt dokumentasjon frå Bjørn Moe v/Moe laksegard som indikerar at det aller meste av swimup for lakseyngelen er ferdig 15. juni. I forkant av fiskesesongen vil ein då til dømes kunne rippe områda som krev 20 m3 vassføring og ta dei områda som kan rippast med 30 m3 vassføring i siste halvdel av september.

Kommunen vil også peike på utfordringa knytt til oppvandring av pukkelaks i 2023 og saknar ei vurdering av dette opp i mot lågare vassføring i Suldalslågen.

Avslutningsvis viser kommunen til det årlege arrangementet Camp villaks for ungdom i Suldalslågen som skal gjennomførast i perioden 27.-29. juli. Her bør ein kome fram til ei god ordning slik at ikkje låg vassføring gjer det vanskeleg å gjennomføre arrangementet.



| Eidsvegen 7, 4230 SAND
| Bankgiro: 3202.07.01153

| 52 79 22 00
| org. nr 964 979 189

| postmottak@suldal.kommune.no
| www.suldal.kommune.no

Med helsing

Dagfinn Svadberg Hatløy
Bygdeutviklingsleiar

Ole Martin Dahle
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og treng ingen signatur

Kopi til:

Charles Bergesen
Mo laksegard
Statkraft As

Postboks 200
Lilleaker

0216 OSLO

STATSFORVALTAREN I ROGALAND

Postboks 59
Sentrum

4001 STAVANGER

Suldal Jakt Og Fiskelag

Postboks 14

4239 Sand